



NOREGS HØGSTERETT

Den 14. oktober 2022 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Falch, Høgetveit Berg og Thyness i

HR-2022-1988-U, (sak nr. 22-134375SIV-HRET), sivil sak, anke over dom:

Sia North Star Ltd

(advokat Hallvard Østgård)

mot

Staten v/Nærings- og fiskeridepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Fredrik Sejersted)

gjort slikt

V E D T A K :

Sia North Star Ltd har anka Borgarting lagmannsretts dom 13. juni 2022 i sak nr. 21-140840ASD-BORG/01 mot staten v/Nærings- og fiskeridepartementet.

Høgsteretts ankeutval viser til at anke til Høgsterett ikkje kan fremjast til handsaming utan samtykke frå ankeutvalet. Utvalet kan berre samtykke når anken gjeld spørsmål med vekt utanfor den aktuelle saka eller andre tilhøve gjer det særleg viktig at anken blir handsama av Høgsterett, jf. tvistelova § 30-4.

Utvalet tillèt at anken blir fremja.

S L U T N I N G

Anken blir tillaten fremja til handsaming i Høgsterett.

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)

Ingvald Falch
(sign.)

Erik Thyness
(sign.)